

Mange vil vera med i "Les Misérables"

Denne helga har det vore skipa til audition i samband med den oppsettinga av «Les Miserables» som Bømlo Musikal Laug skal ha i Moster Amfi i august neste år. Kring seksti personar har synt fram kva dei står for, og dei venter no spent på juryen si avgjerd. Spanande er det også litt seinare i månaden, når juryen skal ha audition i Oslo for nokre av dei større rollane. Dessutan venter Bømlo Musikal Laug på svar fra ein del svært så landskjende aktørar som har fått tilbod om dei krevjande hovudrollane.

Stein-Erik Ovesen

Fredag 8. august 2003 klokka 2130 vert det premiere i Moster Amfi på framsyninga «Les Misérables». I ei god veke fram vert det ei rekkje framsyningar med vonleg stor og god publikumstilstrøyming og flottesmusikalopplevingar. Og for å koma i mål med denne gigantiske oppsettinga, er Bømlo Musika1 Laug no i full sving med å henta inn dei folka som trengs både på og bakom scena. Såleis vart den første runden med audition skipa til ved Bømlo vidaregaande skule på laurdag og i går. I løpet av nokre hektiske timar desse to dagane var det kring seksti personar som presenterte songkunnskapane sine. Dette i samband med det som trengs av songarar til biollar og til koret.

Ein song framfor juryen

Linda Hellen er personalansvarleg i Bømlo Musikal Laug og den som hadde det praktiske i samband med auditionen i helga. Ho fortel at majoriteten av dei som møtte opp denne gongen var i tjue årsalderen, og at femti av dei seksti som var med var jenter og kvinner. Dei yngste var tretten år, medan dei eldste var førti. Alle saman hadde ei stund i lag med juryen, beståande av Amalie Nilssen, Hans Gunnar Skreslett og Elin Kristine Hestenes, og der dei framførde ein song som dei hadde vald sjølv. No skal juryen i løpet av ei veke eller to koma fram til kven som kom gjennom «nålauga» denne gongen. I den samanhengen vil det også verta vurdert om ein har mange nok menn til kor og biollar, eller om det må takast ein ekstra runde med audition for å få tak i mange nok.

Truleg landskjende aktørar

I denne vurderinga om ein har mange nok syngande menn kjem nok også leiinga i Bømlo Musikal Laug til å skjela litt til den heile rollelista og kva ein har av «nye» folk og folk som har vore med som songarar og aktørar fra dei føregåande oppsettingane - «Jesus Christ Superstar» og «Zero to Hero». Dessutan skal det snart skipast til ein audition i Oslo for nokre av dei større rollane. Og i følgje Linda Hellen venter også Bømlo Musikal Laug spent på svar fra ein del landskjende, svært så dyktige aktørar som har fått førespurnad om å vera med på denne over tre timar lange fullversjonen av «Les Miserables». Dei har fått tilsendt notar og manus og vurderer no om dette er noko dei vil vera med på.

Hektiske månadar

Alt om kort tid tek «kostymegjengen», under leiing av Janne Robberstad, til med syinga av kostymane som skal nyttast under «Les Misérables» neste sommar. Vidare skal dei komande vekene nyttast til å få på plass alle som skal vera med på oppsettinga, og totalt trengs det ein plass mellom hundre og 150 personar på scena. I tillegg kjem ein heil del scenearbeidarar og andre viktige medspelarar. Og ut på vinteren/våren startar ein opp for fullt, med eit helgeseminar for alle. Deretter er det individuelle øvingar, for ein hektisk øvingsperiode startar opp 14. juli og



MØTE MED JURYEN: Den femten år gamle Magnus Valvatne fra Stord var ein av dei få av hannkjønn som våga seg på

som altså går fram til premieren fredag 8. august.

audition i samband med Bømlo Musikal Laug si oppsetting av «Les Miserables». I juryen sat, frå venstre, Amalie Nilssen, Elin Kristine Hestenes og Hans Gunnar Skreslett.